



## Beredskapshendingar i 2008

Statens strålevern har som sekretariat for Kriseutvalet og atomberedskapsorganisasjonen i 2008 gitt fleire meldingar om hendingar med radioaktivitet og radioaktiv forureining til atomberedskapsorganisasjonen, media og publikum. I tillegg til desse hendingane har det vore nokre hendingar med stråling og små radioaktive kjelder i Noreg i løpet av dette året.



Den havarerte russiske kryssaren "Murmansk" ved Sørvær i Hasvik kommune

Foto: Statens strålevern

### Radioaktiv kjelde ved ein Rockwool-fabrikk i Danmark

Sist i mai vart ei Americium 241-kjelde sakna ved fabrikkjen. Kjelda var brukt til måling av fukt i koks i samband med produksjon av isoleringsprodukt. Kjelda vart aldri funne og var truleg spreidd i isoleringsmaterialet. Det vart vurdert som lite sannsynleg at det radioaktive stoffet kunne føre til alvorlege personskadar, både for tilsette ved fabrikkjen og gjennom spreining i isoleringsprodukta. Informasjon om hendinga vart lagt ut på [www.atomberedskap.no](http://www.atomberedskap.no).

### Bombealarm ved kjernekraftverket i Oskarshamn i Sverige 21. mai

Ved Oskarshamn vart to vedlikehaldsarbeidarar stoppa i kontrollen ved inngangen til kjernekraftanlegget. Begge var mistenkte for å ha med seg materiale som kunne vere sprengstoff. Etter ei tid vart saka klara opp i. Stoffet som dei hadde med seg kunne forvekslast med sprengstoff og det heile kom av ei misforståing.

### Rykte om hending ved Leningrad kjernekraftverk i Russland 21. mai

Strålevernet mottok informasjon om at det hadde oppstått eit rykte i området rundt St. Petersburg om ei hending ved Leningrad kjernekraftverk.

Informasjon frå kjernekraftverket og det russiske atomenergiministeriet stadfesta at det ikkje hadde skjedd noko unormalt. Målestasjonar i området viste heller ikkje forhøgde verdiar. På eit sjukehus i nærleiken av kjernekraftverket vart det samstundes arrangert ei øving og dette kan ha vore med på å skape forvirring. Informasjon om denne saka vart lagt ut på [www.atomberedskap.no](http://www.atomberedskap.no).

#### **Hending ved Olkiluoto kjernekraftverk i Finland 31. mai**

Etter gjennomføring av årlege vedlikehald ved kjernekraftverket vart det ved oppstartinga av anlegget sett i gang ein alarm på ein av reaktorane. Det vart oppdaga ein feil ved teknisk utstyr og reaktoren måtte køyrast med redusert effekt inntil feilen vart retta på.

#### **Hending ved kjernekraftverket Krsko i Slovenia 4. juni**

Etter ein lekkasje av kjølevatn frå primærkretsen ved kjernekraftverket Krsko i Slovenia vart anlegget stengt. I følge opplysingar frå slovenske styresmakter vart ikkje brenselet skadd og det var heller ikkje utslepp til omgjevnadane. Slovenske styresmakter varsla IAEA og EU. Informasjon vart lagt ut på [www.atomberedskap.no](http://www.atomberedskap.no).

#### **Jordskjelv i Japan 14. juni**

Jordskjelvet i nordvest i Japan råka fleire kjernekraftanlegg og kontroll av alle anlegg i området vart difor sett i verk. Etter meldingane som vart mottatt var det ingen skadar eller øydeleggingar ved nokon av anlegga. Ved kjernekraftanlegget Fukushima-Daini vart det oppdaga noko vatn på golvet ved dei brukte brenselstavane og oppbevaringsstaden for brukt verkty og liknande. Det vart ikkje oppdaga lekkasje til omgjevnadane av dette vatnet som inneheldt noko radioaktivitet. Informasjon vart lagt ut på [www.atomberedskap.no](http://www.atomberedskap.no).

#### **Mistanke om radioaktive kjelder om bord på kryssaren "Murmansk"**

Sommaren 2008 vart det oppslag i media om at det var radioaktivitet om bord i kryssaren som gikk på grunn 24. desember 1994 ved Sørvær i Hasvik kommune, under slep frå Kola til opphogging i India. Undersøkingar utanfor havaristen og målingar om bord vart gjennomført av Strålevernet. Ein fann forhøgde doserateverdiar på nokre brytarar. I tillegg vart det tatt prøver av

sjøvatn, tang, tare, sjøstjerne, kråkeballar og fisk. Ingen av prøvene viste auka forureining.

#### **Hending med produksjon av radioaktive lækjemiddel i Fleurus i Belgia 25. august**

Nær byen Charleroi i Belgia oppstod det ein kjemisk reaksjon i ein lagringstank som førte til utslepp av jod (I-131) til atmosfæren. Utsleppet var kortvarig og det vart med ein gong sett i gang tiltak for å få situasjonen under kontroll. Belgiske styresmakter sette i gang måling av radioaktivitet i mjølk og gras i nærområdet. Tiltak vart satt i verk innanfor ei 5 km sone nordaust for anlegget, der det ikkje skulle konsumerast mjølk, grønsaker eller frukt. Ingen spesielle tiltak vart sett i gang ovanfor befolkninga elles. Luftmassane flytta seg austover og mot Tyskland. Belgiske styresmakter sendte informasjon til IAEA. Atomorganisasjonen i Noreg vart orientert med ei eiga melding. I tillegg vart informasjon lagt ut på [www.atomberedskap.no](http://www.atomberedskap.no). Hendinga vart klassifisert som nivå 3 på INES-skalaen.

#### **Andre hendingar i Noreg**

Ved to høve vart det oppdaga at radioaktive kjelder hadde kome på avveggar. Begge funna gjaldt radioaktive kjelder som tidlegare hadde blitt brukt for å overvake og kontrollere ulike industriprosessar.

I det første tilfellet vart kjelda funnen saman med anna avfall ved eit av smelteverka i Noreg. Det vart slått fast at også fleire kjelder mest sannsynleg var ein eller annan stad i avfallsstraumen frå industrianlegget der dei opphavleg var installert. Strålevernet har gjeve eigar pålegg om å fortsetje arbeidet med å finne dei kjeldene som enno ikkje er lokalisert.

I det andre tilfellet konkluderte Strålevernet med at grovt brot på strålevernlova og strålevernforskrifta hadde skjedd. Strålevernet meldte dermed saka til politiet.

Det har totalt vore åtte hendingar der personar har vore utsett for uønska stråling i samband med bruk eller handtering av radioaktive kjelder. I fem av tilfella oppstod hendinga som følge av mangelfull avsperring eller brot på fastsette sperregrensar. Tre av hendingane oppstod som følge av teknisk svikt på utstyr. Stråledosane som er rapportert er låge.